

Merknad til **Nasjonal ramme for vindkraft på land**

Ref.: analyseområde vist i kartblad 18

Eg viser til arbeidet som OED har gjeve NVE med å leia arbeidet med å laga eit forslag til ei nasjonal ramma for vindkraft på land. Det er opplyst at den nasjonale ramma skal bestå av to deler;

- 1) Eit oppdatert kunnskapsgrunnlag om verknader av vindkraft
- 2) Kart med utpeiking av dei mest eigna områda for vindkraft

Ein analyse på eit slikt nivå vil naturleg nok vera svært grov og basera seg på eksisterande databasar. Resultatet av analysen vil derfor (sjølvst) vera avhengig av kvaliteten på innhaldet i dei databasar som vert nytta. Eg kjenner godt til Gulen kommune og har studert dei karta som NVE har utarbeidd så langt. Eg stiller spørsmål ved om området som er merka med raudt under har fått eit dekkande analyseresultat så langt. Eg fryktar at innhaldet i databasane for dette området er mangelfulle og at det kan påverka NVE sitt arbeid på ein uheldig og utilsikta måte. Dette gjeld mellom anna knytt til fylgjande punkt:

- Pågåande arbeid med vern av natur – er grunnlagsmaterialet som er nytta her oppdatert på dette området? Det er inngått avtale med grunneiagarane for området vist i kartet under, området er synfart og taksert som grunnlag skal leggjast tilk grunn når Klima- og miljødepartementet skal leggja fram sak for Regjeringa (kgl.res.). Er ikkje eit slikt område som er i verneprosessen relevant i ein slik analyse?




- Biologisk mangfald – viser her særskild til at området merka raudt i kartet under er habitat for både havørn og ikkje minst for den enno meir truga hubroen. Ligg det inne i analysemateriellet at dette er habitat for hubro?
- Verdfulle kulturlandskap – området er historisk viktig og har m.a. hatt funksjonar knytt til Gulatinget og Norge si fyrste landslov. Stadnamn og historier knytt til m.a. Segløyna er relevante referansar. Området merka med raudt var og sentral i hovudvarslingssystemet emd vardar langs kysten – eit

system som i dette området framleis er intakt. Er slike kulturhistoriske verdiar fanga opp og vektlagt i analysen?

For å fylgja opp målet om auka kunnskapsgrunnlag knytt til verknader av vindkraft må kartet med eksklusjonar oppdaterast slik at heile området som er merka med raudt vert synt som eit område som av omsyn til naturmangfald og kulturhistorie ikkje er eigna til utbygging av vindkraft.

Eg opplever at databasen er god når det gjeld oversikt over inngrepsfrie område. Dette viser ikkje igjen i karta. Kva er grunnen til at dette temaet er vektlagt så lite i analysen så langt?



Eg bed om at punkta over vert del av kunnskapsgrunnlaget og at karta dykkar vert oppdatert. Eg bed og om svar på spørsmåla som eg har stilt over. Eg finn ikkje svar på dei i det som ligg om saka/metodikken på NVE sine deimesider.

Med helsing

Leiv Ingmar Kaale